

Vaksinering av vaksne i Bømlo i 2026

Vaksenvaksinasjonsprogrammet omfattar personar frå og med det året dei fyller 65 år, samt yngre personar som er i risikogrupper på grunn av underliggende sjukdom. Målet med vaksinasjon er å førebyggje sjukdom og dødsfall. For å sikra god tilgang på vaksiner for bebuarar i Bømlo vil kommunen som tidlegare år tilby samvaksinasjon på vaksinedagar.

Det vart 1.6.2025 innført nytt vaksinasjonsprogram for vaksne. [Det har kommunen tidlegare omtalt her.](#)

Folkehelseinstituttet som leverer vaksiner i program til kommunane varslar no forseinka levering over heile landet. Det betyr at vi vil få vår vaksineleveranse om lag fire veker seinare enn vi brukar. Dette inneber forseinka oppstart av årets massevaksinering. Vi trur vi vil kunne starte massevaksinering i veke 47, og å vere ferdig innan veke 50. Influensavaksine har god effekt ei veke etter den er sett, og er rekna å ha full effekt etter to veker. Vi vonar dermed å vere ferdig med massevaksinering innan jul og nyttår som er tida vi normalt ser smitten aukar.

Vaksiner i vaksenvaksinasjonsprogrammet

- Årleg vaksine mot [sesonginfluensa](#)
- Årleg vaksine mot [covid-19](#)
- [Pneumokokkvaksine](#) til dei som fyller 65 år 1961 eller dei som er fødd 1960 og ikkje tok den i fjor.

Me kan berre tilby vaksiner i vaksenvaksinasjonsprogrammet på vaksinedagane. Dersom du treng pneumokokkvaksine og er fødd **før** 1960, eller er i [risikogruppe](#) må du ta kontakt med legen din for resept. Det må påreknast eigenandel for resept. Du kan hente ut vaksine og få satt den på legekontor eller apotek. Du kan sjekke din vaksinestatus på helsenorge.no. Nye pneumokokkvaksiner behøver ikkje påfyll, men eldre vaksiner krev påfyll kvart 6.år.

Risikogrupper vert definert av folkehelseinstituttet. Lenke til kva som er definert som risikogrupper finn du ved å trykke på lenkjene over.

Gjennomføring av vaksenvaksinering

Me bemanner for at flest mogleg skal få samvaksinering og at ein nyttar seg av vaksinedagane. Det vil som tidlegare år bli vaksinedag på Espevær og Langevåg. Grunna stenging av gamel Bremnes Ungdomskule vil massevaksinering i år få endra lokaler. Eit vaksinelokale skal fylle mange krav. Årets gjennomføring skjer på Foldrøy skule.

Det vil i tillegg til massevaksinedagar vere mogleg for pasientar tilhøyrande Moster legekontor å be om timeavtale for å få sett vaksine. Også der er vaksinene tidlegast

tilgjengeleg i veke 47. Pasientar tilhøyrande Øyane helsehamn er bedt om å nytte massevaksinasjonsdagar. Personar som har vanskar å komme seg til vaksinelokale og som likevel er på time kan bli tilbydt influensavaksine. Ein kan ikkje motta koronavaksine på Øyane helsehamn.

Datoar og klokkeslett for massevaksine vert annonsert her når tidspunkta er klare.

Prisar for vaksiner

Du betalar ein eigendel når du tek vaksine. Det er rabattert pris dersom du tek fleire vaksiner på same tid. PS: rabatt gjeld ikkje dersom du tek vaksinane på ulike tidspunkt.

Anna informasjon

For personar utanfor risikogrupper kan ein venda seg til apotek for influensavaksine. For personar utanfor risikogrupper kan ein få resept frå fastlege på koronavaksine. Dersom du har feber over 38 grader på vaksinedagen må du utsette timen. FHI sender påminning til personar over 65 år som ikkje har nytta seg av vaksinetilbodet. Det skal vere mogleg å reservere seg frå å få desse påminningane på helsenorge.no